

For fred er ei det beste

HØGT PRISA: Pave Frans og Edward Snowden er to av favorittane hos verdas veddebyrå.

Jarle
Natland

jarle.natland@
aftenbladet.no



Fredag klokka 11 ser heile verda til Oslo og tildeling av Nobels fredspris, likar me å tru. Skal me tippa at årets vinnar vil handla om atomnedrusting eller flyktningkrisa?

I ei tid som synest meir uthygg enn på lenge, er kandidatane til fredsprisen fleire enn nokon gong. Men dei opplagte vinnarane er verre å sjå.

Eg er av den generasjonen som vaks opp i skuggen av atomsiliane og frykt for omfattande, brå død. Etter våpenkappløpet mellom vest og aust og kald krig var det nokre korte, fredelege år der frykta for atomsoppiane forsvann og Sivilforsvaret selde ut gamle anlegg til spottpris.

Kjernevåpen høgt på dagsorden

No er atomspørsmålet attar tilbake, utløyst mellom anna av Nord-Koreas prøvesprengingar, den omstridde atomavtalen med Iran og det historiske FN-vedtaket om å forby atomvåpen fra juni i år.

Norges Fredsråd meiner at sistnemnde er ein soleklar vinner i år. Men det vil forundra meg dersom Nobels fredspris går til kampanjeorganisasjonen ICAN – The international campaign to abolish nuclear weapons.

Norge var mellom dei landa som ikkje røysta for atomvåpenforbod i FN – av omsyn til Nato-medlemskapet og dei forpliktingane som ligg i det. FN-forbodet vert av mange oppfatta som rein symbolpolitikk sidan ingen land med kjernevåpen støttar avtalen.

Eit spark til Trump

Då er det langt meir sannsynleg med to storfavorittar frå i fjer: Atomavtalen med Iran vart forhandla fram mellom Iran,

EU, USA, Kina og Russland av mellom andre iranske Mohammad Javan Zarif og EUs Federica Mogherini. Direktør Henrik Urdal ved Institutt for fredsforskning (PRIO) er mellom dei som fullt forståeleg har Zarif og Mogherini øvst på si liste.

President Donald Trump har vore svært kritisk til Iran-avtalen og har truga med å trekka tilbake den amerikanske støtta. Dermed kan ein fredspris til avtalen også ha realpolitisk betydning.

Å gje prisen til Zarif og Mogherini vil elles vera eit solid spark til den amerikanske «Commander in chief», i den grad det tyder noko for Nobel-komiteen. Ein annan kandidat som også vil vera eit sterkt signal til Trump, er den amerikanske borgarrettsunionen ACLU. Unionen har hatt innvendingar mot fleire av dei mest kontroversielle framlegga frå den oransje mannen i Det kvite huset.

Falma glans

Den intense kritikken som har møtt fredsprisvinnerne Aung San Suu Kyi i år, fortel at det er ikkje alltid gamle fredsprisvinnerar held glansen like godt som medaljen gjer. Ho vann prisen i 1991 og har vore eit av dei store fredspris-ikona, men blir no skulda for å godta etnisk reising i heimlandet Myanmar.

Også Barack Obama – som fekk prisen etter berre ni månader i Det kvite hus – har fått kritikk i etterkant, mellom anna på grunn av omfattande bruk av dronar til å drepa. Lech Walesa (1983) og Henry Kissinger (1973) er andre fredsprisvinnerar som har falma noko i etterkant. Trygast er å gje prisen til ein organisasjon av typen Amnesty International (1977). Men sjølv der gjekk Amnesty for eit par år sidan inn for å legalisera sexkjøp og prostitusjon av fleire gode grunnar, men på tvers av kva som er politisk korrekt her heime.

Paven ligg høgt på lista

Årets kandidatar er rekordarta mange, 318 i talet – derav 215 personar og 103 organisasjoner.

Nokre av dei er gjengangarar frå år til år: Internasjonale veddebyrå held blant anna gode odds på pave Frans. Angela Merkel følgjer hakk i hæl. KrF-leiar Knut Arild Hareide er mellom dei som har no-

minert paven, mellom anna på grunn av hans innsats mot sosial urettferd, flyktningkrisa i verda og no i år har paven engasjert seg i kampen mot atomvåpen.

Men også kontroversielle Edward Snowden vert tippa som mogleg fredsprisvinnar.

Langt, langt nede på lista over moglege kandidatar finn me dagens amerikanske president, Donald Trump. Han er ein såpass lite samlande kandidat at forslagsstillaren har bede om å få vera strengt anonym.

Dei internasjonale veddebyråa meiner at det er større sjanse for at Barack Obama får prisen ein gong til enn at Trump vinn fram. Også den russiske presidenten Vladimir Putin er nominert, men så vellukka har vel ikkje fredsarbeidet hans i Ukraina eller Syria vore førebels, at nokon reknar han som truverdig kandidat – i alle fall ikkje før Norge verkeleg er «Okkupert», som det heiter i TV2-serien.

Syriske favorittar

Årets fredspris vert tildelt i ei tid då optimismen frå den kalde krigens slutt og den arabiske våren så definitivt er over. Me ser tilløp til aukande konflikt mellom aust og vest, Nord-Korea er eit uromment i Aust-Asia, Kina har sin eigen løynende agenda, Syria ligg i ruiner og borgarkrigen i Jemen driv stadig fleire på flukt.

Difor kan det også henda at Den norske Nobelkomite hentar fram ein annan favoritt frå i fjer: Den syriske redningstesta eller sivilforsvaret Dei Kvite Hjelme, leia av Raed al Saleh.

Dersom Den norske Nobelkomite heller vil sjå lengre sør er både den vestafrikanske samarbeidsorganisasjonen Eco-was og kongolesiske Denis Mukwege, Jeanne Nacatche Banyere og Jeannette Kahindo Bindu aktuelle kandidatar. Dei tre siste har jobba med bistand til ofre for seksualisert vald og tek også med seg ein kjønnspolitisk dimensjon. Ecowas har mellom anna gjort ein innsats for eit demokratisk regimeskifte i Gambia.

I den verste flyktningkrisa sidan andre verdskrig er også FNs høgkommisær for flyktningar (UNHCR) eit sikkert, trygt, men litt keisamt val. Men i 2017 kan me godt lika keisamt.

Dei internasjonale veddebyråa meiner at det er større sjanse for at Barack Obama får prisen ein gong til enn at Trump vinn gjennom.



Pave Frans helsar på Nato-generalsekretær Jens Stoltenberg i Vatikanet. Berre ein av dei er nominert til fredspris i år.

SCANPIX

De hersens servitørene

DRØSET: Endelig har noen forstått hva slags belastning det er for oss restaurantgjester når noen prøver å veilede oss med hva vi skal bestille.

Hovedstaden har fått sin første app-baserte restaurant, melder Dagens Næringsliv. På denne restauranten kan man bestille og betale via mobiltelefonen, noe mange selvsagt har lengtet etter lenge. Hvor ofte har vi ikke opplevd de fordømmende blikkene fra ansatte og andre gjester når vi sitter på hver vår side av restaurantbordet og fikler med mobilen i stedet for å snakke sammen? På denne nye restauranten har man ikke bare fått klar-signal til dette, det er faktisk på-krevd for å få noe servering. Eller, ikke servering, da, for de serverer jo ikke, men dere forstår. Maten og drikken kan man hente selv når den er klar, og i mellomtiden kan man følge med på appen på mobilen. For en befrielse.

En gang tror jeg faktisk jeg fikk et slags papirkutt på grunn av denne oppførselen.

Som avisens skriver: «Her er det ingen servitør som tar bestillingar, fomler med kortautomater eller river menyen ut av hendene på deg.» Så fantastisk. Vi er nok mange som altfor lenge har irritert oss over fomlingen med kortautomater. Fomle, fomle, fomle. Før vi vet ordet av det har vi mistet bussen. For ikke å snakke om det utbredte problemet med hardhendte servitører som river og sliter i menyene. Det er ille. En gang tror jeg faktisk jeg fikk et slags papirkutt på grunn av denne oppførselen. Egentlig er det utrolig at ikke flere norske restauranter har tatt tak i denne høyaktuelle problemstillingen.

Nå skal det tilføyes at det visstnok likevel skal være ansatte på dette serveringsstedet, men de skal ikke fungere som «flaskehals». Takk og lov for det. Tenk hvor belastende det er å sette seg ned på en restaurant, for så å måtte konversere med en flaskehals. Da sløser man bort verdifull tid man heller kunne brukt til å fikle med mobilen. Eierne av dette geniale stedet trekker også fram hvordan servitører har en tendens til å anbefale vin som passer til maten, helt uten å tenke over at gjestens kanskje heller vil ha en drink. Dette blir det heldigvis slutt på nå. Det var på høy tid.



kj